

ÅRSMELDING FOR FRIBERG KINO 2002

Friberg kino er ein av aktivitetene til Balestrand ungdomslag .

Styret:

Leiar og kasserar: Merete Sande, BUL

Nestleiar: Monica Bondevik Dale, BUL

Styremedlem frå utval for plan og utvikling: Odd Atle Linde

Kinosjef Marianne Hoff er sekretær for styret.

Varamedlem: Lars Sjøtun

Styret har hatt 1 møte.

Faste medarbeidarar:

Marianne Hoff og Merete Sande har delt på kinosjefarbeidet.

Merete har elles vore økonomiansvarleg og maskinist. Kari Kvikne har vore maskinistvikar.

Monica har hatt hovudansvaret for snopsalet.

I tillegg har ungdomsgruppa vore med i snopsal, som dørvakter og i ryddinga:

Før sommaren: Astrid Ro, Grete Olin Engan, Marthe Harlem og Marte Menes.

Etter sommaren: Astrid Ro, Grete Olin Engan, Ina Borlaug og Kristine Harlem

Alle har hatt ansvar for å drive reklame for filmene.

Aktiviteten til kinoen i 2002:

A. Representasjon:

Merete og Marianne deltok på årsmøtet til Balestrand Bygdahus P/L.

Kinosjef Marianne Hoff har vore leiar av Norsk kinoforbund (NKF) også i 2002 og deltok på NKF sitt årsmøte ilag med Merete Sande, som er leiar av valnemnda.

Marianne har som leiar i NKF vore delegat til Norske kinosjefers forbund (mars) og

Kommunale kinematografers landsforbund (KKL) sitt landsmøte i Stavanger i juni.

B. Deltaking på filmtreff og festivalar

Januar: Marianne og Merete på filmfestival m/ filmtreff i Tromsø

Februar: Merete S., Astrid, Solveig, Gunhild Ro, Marthe Harlem på filmtreff og Filmport i Oslo

Mars: Merete og Marianne på filmtreff i Oslo

April: Merete på filmtreff i Oslo

Juni: Merete på filmtreff i Fredrikstad

August: Marianne, Merete og Monica på filmfestivalen i Haugesund

Oktober: Merete og Marianne på filmtreff.

Marianne deltok delvis på Bergen internasjonale filmfestival (BIFF).

November: Merete deltok på filmtreff i Oslo.

Desember: Merete og Marianne deltok på filmtreff med julebord i Oslo

(Marianne som gjest dvs. representant for Norsk kinoforbund).

Kort vurdering: Deltaking på filmtreff og festivalar er avgjerande for å kunne velje og «selje» film til publikum lokalt. Kontakten med m.a. kollegaer i kinobransjen og filmsjefane i byråa er uvurderleg. Medarbeidarar vel difor slike arenaer framfor å ta ut løn / godtgjersle.

Film & Kino gir reise- og opphaldsstøtte minus eigenandel for ein frå kvar kino.

Norsk kinoforbund dekker eigenandelen til Marianne grunna kombinasjon med styremøter.

Dette gir mindre utlegg på kinoen.

C. Filmtilbodet

TOTALT FOR 2002: 3163 BESØK (2319 vaksne, 844 born)

59 filmar (=snitt på 53,61 besøk pr film) og 93 framsyningar

Billettinntekter: kr 134 945,-

TOTALT FOR 2001: 4078 besøk (3350 vaksne, 728 born).

73 filmar (=snitt på 55.86 pr. film) 113 framsyningar Billettinntekter: kr. 162 710,-

I tal vaksne er det innrekna også born og ungdom på kveldsframsyningar

(start seinare enn kl.1800)

Merknad:

På same tal filmar (59) var besøket for 2001 på 3179 (=16 meir enn 2002)

Det var omlag 10 % auke frå 2000 og det beste resultatet sidan vi overtok drifta.

Kinoen var i sommar stengt p.g.a. ombygging (m.a. montering av nytt lerret)

I sommarkino-perioden i 2001 (20/5-22/8) var det 605 besøkande.

Med same publikum i sommar kunne vi hatt omlag same besøkstal som 2000, men mindre enn 2001.

(Tala for 2000: 3.695 personar og kr.137.075,- i billettinntekter; eit snitt på 50,6 besøk pr. film.

BEST BESØKTE FILMAR I 2002:

1.	ISTID	277
2.	HARRY POTTER OG MYSTERIEKAMMERET	199
3.	RINGENES HERRE, RINGENS BRORSKAP	165
4.	MONSTERBEDRIFTEN	140
5.	MINORITY REPORT	131
6.	AMERICAN PIE 2	117
6.	STUART LITTLE 2	117
8.	PETER PAN -TILBAKE TIL DRØMMELAND	104
9.	KARLSSON PÅ TAKET	100
10.	LILLO & STITCH	99
11.	MEN IN BLACK II	92
12.	AUSTIN POWERS IN GOLDMEMBER	90
13.	BAD COMPANY	88
14.	GUTTER ER GUTTER	86
15.	KROPPEN MIN	83
16.	SPIDERMAN	80
17.	SIGNS	74
18.	JEG ER DINA	67
19.	SPIRIT - HINGSTEN FRA CIMMARON	64
20.	OCEANS ELEVEN	63
20.	DEN RØDE DRAGE	63

D. Nyopning

Haustsesongen starta med noregspremiere på filmen "Minority Report". Det var spesielt kjekt med premiefilm for å feire nesten ny lyd og urpremiere for lerretet!

Ekstra festivitas med lån av "Smokingmennene" frå Balejazz pluss orginal Freiadrakt m/ brett og gratis Freia-sjokolade.

E. Den store kinodagen laurdag 26. oktober

Vi starta med kakelotteri og reklame for filmene på Holmatunet og COOP i dagane før den store kinodagen.

Det lokale arrangementet laurdagen la vekt på filmen og mindre på andre aktivitetar i år.

Vi satsa på filmar for alle aldrar, med blanding av gamal og ny film.

Vi opna kl.11.00 med kafé i Vetlesalen. Her serverte vi kaffi,te, kake,vaflar, snop og popcorn og etterkvart også empanadas fram til siste film starta kl.23.00. Ein spesiell takk til Antonella som laga empanadas!

Vel ein halv time over midnatt avslutta vi dagen. Då hadde publikum hatt følgjande filmmeny:

KL. 11.30 STUART LITTLE 2
KL. 13.30 MR. DEEDS
KL. 16.00 HEFTIG OG BEGEISTRET 2 – PÅ SANGENS VINGER
KL. 18.00 SIGNS
KL. 20.00 FOLK FLEST BOR I KINA
KL. 22.00 INSOMNIA

Evaluering av dagen:

Vi hadde vona at enno fleire ville sjå dei norske filmane "Heftig og begeistret 2" og "Folk flest bor i Kina".

Vi flytta snopsalet ned i Vetlesalen og fekk såleis større besøk på kafétilbodet!

Det var populært med trekning av gevinstar på inngangsbilletten.

Det er viktig å ha minst ein rykande fersk film denne dagen. For å få dette til må vi halde fram samarbeidet med nabokinoane. Tilsaman kom **238** personar på kino denne dagen. Vi satsar friskt på kommande år og vonar på ny rekord.

E. Skulekino:

Besøket på skulekino var totalt **67** besøkande (196 året før).

Dette ga ei inntekt på **kr. 1200,-** (kr. 4.275,- for 2001)

På initiativ frå samarbeidsutvalet ved Sagatun barne- og ungdomsskule betalte helsesøster / sosialkontor ei framsyning av filmen "*Kroppen min*" av Margreth Olin for heile ungdomsskulen og BU-klassen på Sygna.

Vurdering:

Det var særst positivt at foreldre og offentlege instansar såg nytten av å syne denne filmen for ungdomane.

Det har ikkje lukkast å få til faste opplegg med skulane.

Etter den nye mønsterplanen bør det vere sjølsagt med bruk av film på kino i undervisninga.

Dette er eit servicetilbod frå kinoen som vi tykkjer er viktig.

F. PR-arbeidet:

Viktigaste opplysningsreiskapen vår har vore foldaren som har gått ut i posten til alle husstandar 4-6 gonger i året. (Gjennom annonser i foldaren har vi fått dekka trykkeutgiftene.)

Det ser ut som økonomien ikkje tillet utsending framover..

I tillegg til oppslagstavla på Holmatunet og oppslag rundt om på viktige bygningar /treffplassar, har vi nytta Firda avis sitt "Det skjer" og ikkje minst annonser i Sogn Avis etter spesialavtale! Vi har gratis annonser hjå dei og dei har gratis annonsering på kinoen.

Dessutan har vi nytta «munn-til-munn»-metoden; antakeleg til det kjedsommelege for våre medmennesker...

Oppslag i avisene:

08. jan.: Sogn Avis: Om auken i 2001

02. febr.: Sogn Avis og Ytre Sogn Avis: Intervju med Rakel og Theodor Kvikne om filmen "*lkingut*", som onkelen deira hadde skrive manuset til.

05. april: Firda: Om pengegåva som ga nytt lydanlegg.

08. april: Sogn Avis: Same tema + bilete av montørane

09. april: Ytre Sogn: Same tema + bilete av dugnadsgjengen

29. aug.: Sogn Avis: Om noegspremiere til nyopninga.

30. aug.: Ytre Sogn Avis: Same tema

24. okt.: Sogn Avis: Om Den Store Kinodagen (felles med nabokinoane)

16. nov.: Sogn Avis: Om manglande utsending av kinoprogram grunna auka pris på Posten.

DEN AKTUELLE STODA

A. Økonomi:

Grunnlaget for kinoen er, forutan billettinntektene, stor dugnadsinnsats og tilskot frå Balestrand kommune (kr.30.000,-), Sparebanken Sogn og Fjordane pluss støtte frå lokale næringsdrivande gjennom reklame på kinoen og på filmprogrammet.

2002 vart eit år prega av langsiktige investeringar og ein liten nedgang i besøket; ein nedgang som dei fleste kinoar har opplevd i 2002.

2001 var eit jubelår med publikumsrekord, auka billettprisar, ekstra gåve på kr. 2.000,- frå sparebanken sitt aktivitetsfond og ikkje minst grunna ei anonym gåve på kr. 100.000,- Overskotet frå 2001 på kr. 137.254,08 er investert saman med betydelege beløp i betre lyd og nytt lerrett.

B. Kinosalen:

Styret har prioritert opprusting av kinoen.

Vi er glade for at dei planlagde utbetringane i Bygdahuset er gjennomførte. ma. inngangspartiet, heis og WC for funksjonshemma, totalopprusting av scenen til C-scene og ikkje minst er nytt lerret på plass nærare scenekanten.

C. Anna:

Vi har starta arbeidet med å dokumentere historia til kinoen gjennom intervju med tidlegare kinosjef og maskinist Ola E. Grøneng. Vi satsar på å få samla meir materiell som kan dokumentere drifta av Friberg kino gjennom over 50 år, inkl. intervju med andre veteranar og publikum for å få fram spennande historisk stoff.

Oppsummering av 2002:

Det har vore eit jamt godt år for Friberg kino, men samanlikna med fjoråret vart det nedtur.. Det beste som hende kinoen i 2002 er at vi fekk behalde det kommunale tilskotet på 30.000 kroner også i 2003. Dette er oppmuntrande for oss.

Born og unge er dei viktigaste målgruppene vår. Det er difor gledeleg at besøket på barne- og familiefilmar auka i året som gjekk.

Arbeidet vidare:

Mål: Å oppretthalde eigen kino i Balestrand.

Friberg kino vert sjølsagt påverka av sentrale vedtak. Så lenge Filmleigeavtalen fungerer kan vi til ei viss grad ha formeiningar om framtida for kinoen. Denne avtalen er klaga inn for ESA-domstolen av Oslo kinematografer. Dom fell til våren. Dette skaper uro i bransjen. Vi veit at så små kinoar som vår er nedleggingstrua om ein legg rasjonelle føringar til grunn.

Gjennom Norsk kinoforbund jobbar vi for å få til ei alternativ løysing til filmleigeavtalen for småkinoane.

Dette, saman med stor dugnadsinnsats og vidare samarbeid med nabokinoane, kan gjere kinoen liv laga framover.

Vi meiner det framleis er viktig for eit lokalsamfunn som Balestrand å ha ein eigen kino i bygda - der profilen og drifta vert styrt lokalt. Kva ville Bygdahuset vore utan kinodrifta?

Balestrand januar 2003

Marianne Hoff
kinosjef & skrivar

Prioriterte oppgåver framover for Friberg kino:

1. Opprusting og vidareutvikling av Bygdahuset i samarbeid med styret for huset:

inkl. å jobbe vidare for å få frigjort rom til nettkafé og videoverkstad i Bygdahuset.

2. Styrke drifta gjennom

- a) auka satsing på kinoreklame (slides) frå det lokale næringsliv
- b) oppretthalde kommunalt tilskot til kinoen.
- c) oppretthalde og styrke kontakten med lokalavisene.
- d) etablering av faste kontaktpersonar for skulefilm / barnehageframsyningar.

4. Samle materiell som kan dokumentere drifta av Friberg kino gjennom over 50 år, inkl. intervju med veteranar og publikum for å få fram spennande historisk stoff. Vi reknar m.a. Balestrand Sogelag, Sagatun barne- og ungdomsskule og Sygna vidaregåande skule som aktuelle medspelalar.

Januar 2003 MH